

# UTBYGGINGSAVTALE

Denne utbyggingsavtalen bygger på F.sak 0072/04.

## GJELD UTBYGGING AV BUSTADFELTET KJØRNES FOR EIGEDOMMANE GNR/BNR 1/178, 1/180, 1/188, 1/189 og deler av 1/177 og 1/179 I SOGNDAL KOMMUNE.

mellom

Vikane AS, (seinare kalla utbygger) org. nr. 890 947 832 og  
Sogndal kommune, 6856 Sogndal (seinare kalla kommunen).

### 1. Geografisk avgrensing

Avtalen gjeld eigedommane 1/178, 1/180, 1/188, 1/189 og deler av 1/177 og 1/179 på Kjørnes i Sogndal kommune. Området skal byggast ut i samsvar med godkjent reguleringsplan for bustadfeltet Kjørnes III, godkjent 30.01.1997. Området som avtalen omfattar går fram av godkjent reguleringsplan og har ein storleik på ca 87 daa.

### 2. Avtalens formål og innhold

Føremålet med utbyggingsavtalen er å sikre ei heilskapleg utvikling av bustadområdet.

Avtalen omfattar:

- Etappevis utbygging
- Veganlegg
- VA-anlegg
- Kabling
- Andre vilkår

Partane er einige om at denne avtalen gjeld kommunal overtaking og bygging av VA-anlegg og overtaking av veganlegg for bustadfeltet Kjørnes III.

### 3. Etappevis utbygging

Bustadområdet byggast ut i samsvar med godkjent reguleringsplan i to etappar.

Utbyggingstakten vert fastsett slik:

Etappe 1: Felt A og C i 2008

Etappe 2: Felt B i 2009 dersom marknaden tillet det.

Utbygger kan i samarbeid med kommunen ta endelig stilling til gjennomføring av etappe 2 etter at etappe 1 er slutført.

I høve utbygging av VA-nettet skal Sogndal kommune setje av naudsynte ressursar til oppfølging og sakshandsaming i samsvar med fastsett og avtalt utbyggingstakt og framdriftsplanar.

### 4. Veganlegg

Utbygger er ansvarlig for opparbeiding av alle veganlegg som utløysast av utbygginga.

Veganlegget skal stetta krava i Norm for veg- vatn- og avløpsanlegg i Sogndal kommune.

Utbygger er ansvarleg for oppsetting av veglys langs alle vegar som er ein del av denne avtalen.

Veg og veglysanlegg langs offentlig veg vert overteke av Sogndal kommune for drift og vedlikehald etter godkjenning av anlegget.

Utbygger skal syta for innmåling og kartfesting av veganlegg som skal overtakast av kommunen.

Vedlikehald av dei framtidige kommunale anlegg må sytast for av utbygger i anleggstida og inntil avtale om kommunal overtaking ligg føre.

Delfelta skal være ferdig opparbeida med asfalterte vegar, veglys, skilt, før avtale om kommunal overtaking kan skrivast.

Felles avkørsler med tilhøyrande vegbelysning skal overtakast av eigedommane som nyttar anlegga til burettslag eller velforeining for drift og vedlikehald. Utbyggjar legg fram dokumentasjon på at slik overføring har funne stad.

Utbyggjar er ansvarlig for å ferdigstille utbyggingsområdet inklusive asfaltering og opprydding etter anleggsperioden slik at byggerestar, stein mm ikkje blir til fare eller problem for bustadområdet.

#### **5. VA-anlegg**

Sogndal kommune skal stå som utbyggjar og eigar av VA-anlegget som fylgjer av denne avtalen. Utbyggjar overfører alle rettar/avtalar og materiell som fylgjer av VA-utbygginga i området til kommunen. Utbyggjar refunderer alle kostnader kommunen får med VA-utbygginga pluss 3 % av utbyggingskostnad ekskl avgifter til dekking av byggeleing og administrasjon.

#### **6. Kabling**

Utbyggjar er ansvarleg for samordning av og legging av kablar for elektrisitet, telefoni, data, tv, m.m. Kablinga skal skje i felles grøft. Trasekart som bygt over kabelanleggene skal leverast til Sogndal kommune etter at utbygginga er ferdig.

#### **7. Prosjektgjennomføring**

Regler for Forskrift om offentlege anskaffelsar er nytta ved innhenting av tilbod og kontraktstingingar med entreprenørar som vert tiltransportert kommunen, er i samsvar med NS 8406 Forenkla norsk bygge og anleggskontrakt.

I kontraktane ligg det inne naudsynte forsikringsavtalar og entreprenørgarantiar med omsyn til gjennomføring av delprosjekta.

Alle delprosjekta i denne avtale skal gjennomførast i hht. Norsk Standard og gjeldande lover og forskrifter.

#### **8. Andre vilkår**

Utbyggjar må utarbeide framdriftsplan som viser når de ulike delområda er planlagt ferdig bygd.

Einkvar tvist mellom partane om tolking og gjennomføring av denne avtalen skal ein freista å avklara gjennom forhandlingar. Om partane ikkje vert einige vert tvisten avgjort av ein voldgiftsrett i samsvar med tvistemålslovens kap. IV.

Avtalen skal tinglyses på gnr 1/178, 1/180, 1/188, 1/189 og deler av 1/177 og 1/179.

Sogndal, / 2008

Sogndal, / 2008

For Sogndal kommune

For Vikane AS

-----

-----